

Ordskifte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Fleire tek no til orde for eit nasjonalt kvotesystem.»

Klimautslepp må kosta

KVOTEHANDEL
SIGBJØRN GRØNÅS
OS

Takk til Jon Hustad for ein tankevekkjande artikkel i Dag og Tid 25. februar om handel i EU med klimavotar etter eit system kalla ETS, ei form for *cap-and-trade*. Her set styresmaktene eit tak (*cap*) for kor store klimautslepp som totalt kan tillatast. Dette taket utgjør ein totalkvote som vert delt ut eller auksjonert bort for fri omsetjing i ein marknad.

Dei aller fleste utsleppa kjem ved bruk av fossilt drivstoff, den billigaste forma for energi i dei fleste land. Kvotehandel skal gje så høg pris på fossilt drivstoff at det fremjar energieffektivisering og utvikling av fornybar energi.

Og taket på utslepp må reduserast år for år for å nå det klimamålet som er sett, til dømes togradarsmålet.

Ein global kvotehandel kan i prinsippet gje dei klimakutt som trengst for å stabilisera klimaet. Men som Hustad peikar på, er det i dag utenkjeleg at me oppnår eit slikt system. Hovudgrunnen til dette er at eit globalt kvotesystem må gje alle lik rett til å sleppa ut klimagassar, noko rike land aldri går med på. For rike meiner dei har ein soleklar rett til å sleppa ut meir enn fattige. Vår regjering meiner rett nok at alle kan få lik rett ein gong i framtida (Soria Moria II).

Fleire tek no til orde for eit nasjonalt kvotesystem eller ei nasjonal opptrapping av CO₂-avgift. Motivasjonen er dels at kli-

maendringane tvingar oss til å skapa «karbonfrie» samfunn og dels at oljekjeldene etter kvart vert tømde (peak-oil). Det vert hevda at dei land som først får til ei ordning som systematisk aukar prisane på fossilt drivstoff, vil få ein økonomisk føremon.

Parlamentarikarar i Storbritannia har i år gjort framlegg om eit nasjonalt kvotesystem kalla TEQs (vert uttala teks). Det nye med TEQs er at det femner om alt sal av energi produsert med fossilt drivstoff. Ein stor del av kvotane vert delt ut til alle vaksne personar, og resten vert auksjonert ut til private og statlege verksemdar. Skal ein fylla tanken på ein bil eller betala for straum produsert med fossilt drivstoff, krev dette kvotar. Omsetjinga kan gjerast elektronisk til dømes

med kort. Ein føremon med TEQs framfor ETS er at den enkelte vert engasjert i ein overgang til eit fossilfritt samfunn. Noko av det viktigaste med systemet, hevdar parlamentarikarane, er at det vil sikra energi etter som oljekjeldene vert tømde.

Mange er skeptiske til alle former for *cap-and-trade* og meiner slike system er som skapte for bankar, oljeselskap og korrupsjon. Alternativet er ei opptrapping av CO₂-avgift frå år til år, men slik at alle pengane går attende til folk med lik del til alle (*fee-and-dividend*; avgift med bonus). Økonomar må rekna ut kor mykje avgifta må aukast for å oppnå dei klimakutt som trengst. Dette systemet er enkelt å forstå, det kan gjennomførast utan byråkrati og er fritt for kor-

rupsjon. Som for TEQs vil avgift med bonus engasjera folk i klimakampen.

Pressgrupper i mange land prøver no å få politiske parti til å gå inn for avgift med bonus. Ordninga er alt innført i provinsen Britisk Colombia i Canada, rett nok berre med ein pris på 10 dollar per tonn CO₂ og ei opptrapping på 5 dollar i året. Økonomar meiner prisen på utslepp minst må opp i 1000 kroner per tonn for å nå aktuelle klimamål. Det utgjør berre tre kroner per liter bensin, men det er vel for mykje for vårt materialistiske land, der folk synest å leva for å auka bruket utan tanke på dei som kjem etter oss.

Sigbjørn Grønås er professor emeritus i meteorologi.

Frå kultur til kulturhus

DET NORSKE TEATRET
ERIK ULFSBY
OSLO

Magdalena Eckersberg er ein av Det Norske Teatrets trufaste brukarar, som vi er stolte over å ha ein god del av. I førre veke uttrykte ho i Dag og Tid bekymring for teatret og kulturbyggets framtid i samband med ei ombygging av publikumsområda. Særleg er det flyttinga av tilbodet rundt Lunsj&Lyrikk som uroar.

Ei teaterframsyning er for mange like mykje ei sosial oppleving som ei kulturell erfaring. Til sesongstarten hausten 2011 skal foajeen ved Det Norske Teatret stå fram i ny drakt og forsterke posisjonen som sosial møteplass i bybildet. Vi skal løfte foajeen til å bli eit velfungerande og sosialt publikumsområde med ein atmosfære og eit innhald som styrkjer opplevinga før, under og etter eit teaterbesøk forutan å vere eit besøk verdt i seg sjølv. I første høgda byggjer teatret ein ny restaurant med tilbod på god mat til fornuftige prisar. Det kjem barar som er opne etter teatrets ordinære opningstid, og det blir laga rom for kunstnarleg aktivitet på mindre scener. Lunsj&Lyrikk vil bli styrkt. Vi vil halde fram med dette unike tilbodet i andre høgda, og her vil det kome ein ny scene som vil gjere tilhøva betre for utøvarane, publikummet og det tekniske personalet ved teatret. Serveringstilbodet vil òg bli

endra, men utan at særpreget og atmosfæren skal lide.

Ei endring som dette har Det Norske Teatret sjølv sagt ikkje planlagt utan å spørje publikum. I samarbeid med Horwath Consulting har teatret gjort ei brei undersøking gjennom spørjeskjema, samtalar og intervju med publikummet vårt og med kulturinstitusjonar som har same eller tilsvarende utfordringar som Det Norske Teatret.

Responser er overveldande, og tilbakemeldinga er ikkje til å ta feil av. Publikummet vårt ønskjer å utvide opplevinga ved teaterbesøket, og dei ønskjer ei styrking av restauranttilbodet.

Det er vanskeleg å vurdere stemning og miljø i ein foajé som enno ikkje er ferdig ombygd. Det er først når publikumsområda opnar i ny drakt, og når interiør, medarbeidarar og gjester i samspel skaper stemninga at endringa kan evaluerast. Dersom publikum trivst og får forventningane innfridde – helst betre enn forventa – vil dei kanskje kome oftare. Kanskje vil også nye brukarar finne vegen til eit hus som tilbyr meir enn teater og som står fram som ope og innbydande frå gateplan. Men mest av alt vonar vi jo at våre trufaste brukarar vil sjå at dei er med i planane våre, og at vi ønskjer å gjere opplevinga i Det Norske Teatret betre også for dei.

Erik Ulfsby er sjef ved Det Norske Teatret.



«Hijabdebatten handler om juss, men det er ikke i jussen vi bør lete», skriv Njål Høstmælingen. Scanpix-foto frå kvinnedagen i Oslo 2009

Hijab-juss på ville veier

INTEGRERING
NJÅL HØSTMÆLINGEN
OSLO

Forbud mot hijab er noe som fenger nordmenn, også juristene blant oss. Advokat Erik H. Vinje har et gripende innlegg i Dag og Tid 4. mars om menneskerettigheter og hijab. Han går hardt ut: Regjeringens konklusjon er «openbart feil», og den skyver «meir eller mindre fiktive menneskerettar føre seg for å sleppa ein ubehageleg diskusjon».

Det er mye som kan sies om hijab og forholdet til menneskerettighetene. Ulike regelsett kommer inn, som religionsfrihet, rett til respekt for privatliv, ytringsfrihet, rett til utdanning og forbud mot diskriminering. I tillegg kommer beskyttelse av barn og av kvinner.

Disse rettighetene må avstemmes seg i mellom. Enda viktigere

er at staten i mange tilfeller gis anledning til å beskjære rettighetene. Dersom bruk av ytringsfriheten går ut over andres rettigheter og friheter, vil staten kunne gjøre inngrep i ytringsfriheten. I saker om hijab vil noen mene at staten ikke bare kan gripe inn, men må gjøre det, for eksempel av hensyn til barna eller likestilling mellom kjønnene.

Juss og hijab fører ikke til klare svar. Etter avgjørelser fra menneskerettighetsdomstolen i Strasbourg overlates mye til det enkelte lands skjønn: dersom myndighetene ønsker å regulere bruken av hijab, vil de i stor grad kunne gjøre det. Dette er begrunnet i at det ikke finnes noen felles europeisk norm om dette, og at landene har svært ulik praksis og ulike behov. Og det er nettopp det som er sakens kjerne: er det i Norge et egnet virkemiddel å forby bruk av hijab for å nå mål

om likestilling, utdanning og religionsfrihet?

Norge er ikke Tyrkia, som har fått medhold i forbud mot hijab. Tvert om. Der Tyrkia er et skjørt og vakkende demokrati hvor 99 prosent av befolkningen er muslimer og grunnloven sikrer en sekulær stat, er Norge et solid demokrati med 90 prosent kristne og en statskirkeordning sikret av grunnloven. Derfor vil et inngrep mot muslimske hodeplagg være langt lettere å forsvare i Tyrkia enn i Norge.

Hijabdebatten handler om juss, men det er ikke i jussen vi bør lete. Hijab i Norge handler mest av alt om hvordan vi i Norge skal sikre de verdene vi holder høyt samtidig som vi bygger et tolerant og inkluderende samfunn.

Njål Høstmælingen er direktør ved International Law and Policy Institute (ILPI).